

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i treeiningstida - 29. juni 2014

Preiketekst: Jes 25, 6-9

Lesetekst I: Åp 19, 5-9

Lesetekst II: Luk 14, 15-24

Frelesesjubel på fjellet

Konteksten

Fleire kommenterer at desse versa i Jesaja 25 er ein del av Jesaja-apokalypsen, og ein definerer den frå kapittel 24 til og med kapittel 27. Kapittel 24 skildrar i alle fall ein øydeleggande dom over jorda, ho brest og vert rysta, og det vert avslutta med ord om månen som skal blygjast og sola som skal skjemmast. Byar er blitt til steinrøyser og grushaugar, og dei skal aldri byggjast opp att (25,2). Vår tekst trer då inn som lys mot eit mørkt bakteppe. Herren skal tørke alle tårer i det store gjestebodet, og folket – både hans eige folk og alle andre folkeslag - skal sjå den Gud ein har venta på, og glede seg i hans frelse. Vidare les vi om oppstode frå døde (26,19) og endeleg gjenopprettinga av Israel; både at syndene deira skal takast bort (27,9) og folket samlast på nytt (27,13). Her er opningar for å tolka og forstå denne teksten og denne delen av Jesaja-boka slik at det handlar om tilhøve i samtida, ei skildring av eit komande fredsrrike på jorda, og/eller som ei skildring av den endelege og evige himmeltilstanden.

Gjestebodet

Ikkje utan grunn vert vår tekst nytta i gravferder, og andre samanhengar der det er naturleg å løfte fram Bibelen sin bodskap om håp i mørket. Temaet om eit stort gjestebod finn vi elles også i den sentrale parallellen i Luk 15,22-24: «Men faren sa til tenarane: Skunda dykk! Finn fram dei beste kleda og ha på han. Gjev han ein ring på handa, og skor på føtene. Hent gjøkalkven og slakt han, og lat oss eta og vera glade! For denne sonen min var død og har vorte levande, han var bortkomen, men er no attfunnen. Og dei tok til å gleda seg».

Og i heile Lukas 15 strøymer gleda mot oss. "Gled dykk med meg", seier hyrdingen, "for eg har funne sauene som var komen vekk." "Gled dykk med meg", seier kvinna, "for eg har funne pengestykket eg hadde mista". "Gled dykk med meg", seier faren, "for denne sonen min var komen bort og er funnen igjen". Alle desse stemmane er Guds stemme. Gud gler seg! Han tek del i det store gjestebodet. Han tørker kvar ei tåre, og folket si vanære tek han bort.

Som Guds barn som har kome heim og bur i Faderen sitt hus, skal ein kristen få del i Guds glede. Skal vi vere ærlege, må vi gjerne innrømme at vi ofte vert prega av alt det dystre som

pregar mykje av samfunnet vårt. Slår ein på ei TV-sending med siste nytt, veltar det negative inn over oss. Vald, terror, drap, overgrep, miljøkriminalitet, åndeleg og moralsk forfall – alt påverkar oss og kan gjere oss nedfor. Og vi lar dette ofte hindre oss i å ta del i gleda i vår Far sitt hus. Vi må vel innrømme at vi ikkje er vant til å tenke på Gud som ein som held store festar. Særleg har mange eit bilete av Gud i Det gamle testamente som berre heilag, høgtideleg og alvorleg. Men når vi tenkjer på korleis Jesus skildrar Guds rike, står det ofte eit gjestebod i glede sentralt:

«Sjå, dette er vår Gud!»

Matt 8,11: «Men det seier eg dykk: Mange skal koma frå aust og vest og sitja til bords med Abraham, Isak og Jakob i himmelriket...». Og han samanliknar himmelriket med ein bryllaupsfest som kongen held for sin son i Matt 22,4: «Då sende han andre tenarar ut, og sa: Sei til dei innbedne: Sjå, eg har stelt i stand måltidet mitt. Oksane og gjøfeet er slakta, og alt er ferdig. Kom til bryllaupet!»

Denne invitasjonen til eit måltid er ein invitasjon til nærleik med Gud. I vår tekst trer Gud nær, der oppe på fjellet, og jødane og folkeslaga seier: «Sjå, dette er vår Gud!» (vers 9). Dette kjem enno tydelegare til uttrykk i det siste måltidet Jesus hadde med disiplane: «Men eg seier dykk: Heretter skal eg ikkje drikk av denne frukta frå vintreet, før den dagen eg drikk henne ny med dykk i riket åt Far min» (Matt 26,29).

Også i den siste delen av Det nye testamente er Guds endelege siger skildra som ein storslått bryllaupsfest: «For Gud Herren, Den Allmechtige, råder med kongemakt! Lat oss gleda oss og fryda oss og gje han ære! For no skal Lammet halda bryllaup, og brura hans har budd seg. (...) Sæle er dei som er bedne til bryllaupsmåltid hjå Lammet! Han seier til meg: Dette er Guds sanne ord» (Op 19,6-9).

Når Jesus snakkar om verda, er han veldig realistisk. Han snakkar om krigar og revolusjonar, jordskjelv, plager og svolt, forfølgjing, svik, hat og drap. Han talar om livet sine to utgonger veldig tydeleg, og mange tok anstøt av hans forkynning. Jesus var ærleg om livet og om æva, og vår tekst i Jesaja er altså omkransa av dom og mørke skuggar. Likevel er det gleda sitt evangelium som møter oss i Bibelen. Ikkje fordi verda sine problem er løyste, ikkje fordi all menneskeleg smerte og lidning er over. Nei, Gud gler seg fordi eit av hans born som var komen bort, er funne igjen. Eg vert invitert til å ta del i den gleda. Det er Guds glede, ikkje den gleda som verda kan gje. Det er gleda som skuldast at han ser eit barn vende heim, midt i all verda si øydelegging, fortvilning og lidning. Håpløyse vert vendt til håp, berre vi ser langt nok fram.

Sjå oppover og framover

I takt med meir materialisme og velstand, vert vårt syn på det evige og himmelske meir og meir tilslørt. Vi har det så godt i vårt kjære Noreg, at lengtinga til det store gjestebodet vert mindre og mindre. Derfor må vi be om at sløret, som Jesaja skriv om i 25,7, vert fjerna frå augo våre. C.S. Lewis sa det slik: ”Det er etter at mange kristne har slutta å tenkje på den andre verda at dei er blitt så ineffektive. Ha himmelen som mål, og du vil eige jorda; sikt mot jorda, og du vil ikkje få noko av delane.” Jau, det er viktig å sjå framover.

Den skotske teologen og predikanten Alexander MacLaren sa det slik: «Den tidlege kyrkja tenkte meir på Jesu andre kome enn på døden. Dei første kristne såg ikkje mot ei opning i jorda som vi kallar ei grav, men mot opninga på Himmelen som vi kallar for Herlegdomen. Dei såg ikkje mot gravferda, men mot himmelferda».

Kva er ditt blikk retta mot? Domen og døden skal kome over denne jorda, men på grunn av Jesu frelsesverk på Golgata, skal vi få vedkjenne vår synd, og legge ho av hos han som skal oppsluke døden for evig. Løft ditt blikk til han som inviterer til det store gjestebudet!

*Du er innbudt til bryllup i himlen.
Det er du som skal være hans brud.
La han rive deg løs ifra vrimlen.
Kom i dag når han sender deg bud.*

Erik Furnes
Generalsekretær i Indremisjonsforbundet
e.furnes@imf.no